



Møteprotokoll

Sakene: 001/26 – 014/26
Møtedato: 11.02.2026
Møtetid: kl. 12:30
Møtestad: Møterom - Hardangerjøkulen

Fylgjande medlemmer møtte:

	Parti
Hans Petter Thorbjørnsen	AP
Linn Løvtangen Skeie	AP
Ronny Lunestad	AP
Magrete Garnes Øydvin	H
Stig Yngve Røkenes	H
Ingvild Breien Sygnestveit	SP
Jens Olav Holven	SP
Kåre Olai Solheim	SP
Nils Branstveit	SP
Jenny Merete Wright Johnsen	SV
Torunn Pedersen Polden	SV
Håkon Gjerde	V
Ingeborg Hellesnes Uppheim	V
Ingrid Sponheim	V
Katrina Kvåle Hellesnes	V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

	Parti
Paul Richards	H
Sigrun Uppheim	V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

	Parti
Hans Åge Ohnstad-Johansen	H
Anders Kristoffer Oppheim	V

Merknader:

Sigrun Uppheim trer av som vara klokka 14:00 og Sevre Vestrheim trer til som vara for Venstre.

Sevre Vestrheim trer av som vara 14:55 og Sigrun Uppheim trer til igjen for resten av møtet.

Underskrifter:

Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 28.02.2026

Medlem

Torunn Pedersen Polden

Ordfører

Jens Olav Holven

Medlem

Ingvild Breien Sygnestveit

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
PS-001/26	Meldingar
PS-002/26	Godkjenning av møteprotokoll
PS-003/26	Underskrift på møteprotokollen
PS-004/26	Søknad om fritak frå politiske verv
PS-005/26	Suppleringsval - Medlem i kontrollutvalet i perioden 2025-2027
PS-006/26	Val av styremedlem til Stiftinga Skeie-mylna
PS-007/26	Samanslåing av forliksråda i Voss, Eidfjord og Ulvik
PS-008/26	KS debatthefte 2026. Tid for taktskifte
PS-009/26	Kommuneplanens samfunnsdel 2026-2035
PS-010/26	Sal av kommunalebustadar på Øvre paradis
PS-011/26	Søknad om løyve til bruk av snøskuter i samband med filming
PS-012/26	Prisregulering for kommunale framleigebustader
PS-013/26	Tenesteavtale 12 - felles utvikling og planlegging av tenestene
PS-014/26	Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

001/26: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 001/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

002/26: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 002/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

003/26: Underskrift på møteprotokollen

Framlegg til vedtak:

Medlem 1:

Medlem 2:

11.02.2026 Heradsstyret

Framlegg om:

Medlem 1: Ingvild B. Sygnestveit

Medlem 2: Torunn P. Polden

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 003/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Medlem 1: Ingvild B. Sygnestveit

Medlem 2: Torunn P. Polden

004/26: Søknad om fritak frå politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Maria de Fatima Vestrheim-Gomez får fritak frå alle verv som folkevald i Ulvik herad i perioden 2025-2027.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken

HST - 004/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Maria de Fatima Vestrheim-Gomez får fritak frå alle verv som folkevald i Ulvik herad i perioden 2025-2027.

005/26: Suppleringsval - Medlem i kontrollutvalet i perioden 2025-2027

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

- Ny medlem til kontrollutvalet er:

11.02.2026 Heradsstyret

Framlegg frå valnemnda:

Nytt medlem: Lina Hamre

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 005/26 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:**

- Ny medlem til kontrollutvalet er: Lina Hamre

006/26: Val av styremedlem til Stiftinga Skeie-mylna**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Medlem: ...

Varamedlem: ...

11.02.2026 Heradsstyret**Framlegg frå valnemnda:**

Medlem: Leiv Varberg

Varamedlem: Eva Kristin Dahl

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 006/26 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:**

Medlem: Leiv Varberg

Varamedlem: Eva Kristin Dahl

007/26: Samanslåing av forliksråda i Voss, Eidfjord og Ulvik**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradsstyre vedtek samanslåing av Ulvik forliksråd med forliksrådet i Eidfjord og forliksrådet i Voss.

Nytt felles forliksråd skal ha 6 faste medlemar og 6 varamedlemar der kvar av kommunane skal velga 2 faste medlemar og 2 varamedlemar. Krav til kjønnsbalanse gjeld.

Når dei tre kommunane har gjort likelydande vedtak, vel kvar kommune sine 2 medlemar og 2 varamedlemar til nytt forliksråd, seinast i samband med val 2027.

Nytt felles forliksråd vert gjort gjeldande seinast frå 01.01.2028, evt tidlegare dersom deltakarkommunane vert samde om dette.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 007/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik heradsstyre vedtek samanslåing av Ulvik forliksråd med forliksrådet i Eidfjord og forliksrådet i Voss.

Nytt felles forliksråd skal ha 6 faste medlemar og 6 varamedlemar der kvar av kommunane skal velga 2 faste medlemar og 2 varamedlemar. Krav til kjønnsbalanse gjeld.

Når dei tre kommunane har gjort likelydande vedtak, vel kvar kommune sine 2 medlemar og 2 varamedlemar til nytt forliksråd, seinast i samband med val 2027.

Nytt felles forliksråd vert gjort gjeldande seinast frå 01.01.2028, evt tidlegare dersom deltakarkommunane vert samde om dette.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 014/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Ulvik heradsstyre vedtek samanslåing av Ulvik forliksråd med forliksrådet i Eidfjord og forliksrådet i Voss.

Nytt felles forliksråd skal ha 6 faste medlemar og 6 varamedlemar der kvar av kommunane skal velga 2 faste medlemar og 2 varamedlemar. Krav til kjønnsbalanse gjeld.

Når dei tre kommunane har gjort likelydande vedtak, vel kvar kommune sine 2 medlemar og 2 varamedlemar til nytt forliksråd, seinast i samband med val 2027.

Nytt felles forliksråd vert gjort gjeldande seinast frå 01.01.2028, evt tidlegare dersom deltakarkommunane vert samde om dette.

008/26: KS debattheft 2026. Tid for taktskifte

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kva må me gjera i vår kommune dei neste to åra for å auka endringstakten for berekraftig velferd?

- Me deltek allereie i TØRN-prosjektet med fokus på: Heilårsturnus, langvakter, oppgåveløysing med rett kompetanse, m.m.
- Ha fokus på teknologi og velferdsteknologi som kan gje:
 - meir effektive tenester
 - betre samarbeid mellom tilsette og med pårørande og brukarar
- Identifisera og realisera småkommunefordelar: Gjera tenestene mindre komplekse der det er mogleg.
- Samarbeida med nabokommunar/regionen om stillingar med spesialkompetanse der me ikkje har rom for å tilsetja i heile stillingar. Dette kan innebera både tenestosal og tenestekjøp.
- Byggja endringsvilje i organisasjon gjennom målretta partssamarbeid.
- Staten må løyva utviklingsmidlar som er friare, dvs at kommunen kan søkja midlar til å utvikla tenester og tilbod som er tilpassa dei lokale behova og forholda. I dag opplever me at tilskotsordningane er tilpassa store kommunar.
- Ulvik herad har som mål å oppretta ein Frivilligsentral i løpet av 2026. Det er behov for å involvera frivilligheten i aktiviteter som heradet ikkje lenger har ressursar til å gjennomføra.
- Førebyggjing er eit stikkord for å redusera omfanget av hjelpebehov framover, dette gjeld innbyggjarar i alle aldrar. Viktig at ikkje førebyggjande innsats vert fjerna i tider med stram kommuneøkonomi.
- Sentralisera bustader for innbyggjarar som har hjelpebehov.

Men det er viktig at KS stiller spørsmålet: Kor mykje meir kan kommunenorge auka endringstakten med stadig fleire oppgåver og krav, og økonomiske rammer som ikkje speglar dette?

Strukturen på byråkratiet bør setjast under lupa. Ein kan ikkje berre sjå på kommunestrukturen og tvinga fram nye kommunesamanslåingar, ein bør sjå på det statlege byråkratiet og moglegheita for å redusera dette betydeleg. Kommunane må få meir fridom til å levera kommunale tenester etter lokale forsetningar og forhold. Detaljstyring og uttallige tilsyn, binder opp mykje ressursar i kommunane, og er ein brems på auka berekraftig velferd, og nødvendige omstillingar i offentleg tenester.

2. Korleis kan me i vår kommune/ fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Medverknad: Ulvik herad har fleire samarbeidsarenaer for arbeidsgjevarrepresentantar, tillitsvalde og vernetenesta. Me har eit veldig aktivt overordna AMU der det er gode drøftingar, med gode faglege innspel og tiltak. Me oppretta ein desentralisert AMU-modell, der alle einingar har lokale AMU der ein tek opp saker som gjeld organisasjon, arbeidsmiljø og utvikling.
- Medverknad: Me har satt ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal jobba med førebyggjing av sjukefråvær. Gruppa skal tileigna seg meir detaljert kunnskap om sjukefråværet i organisasjonen for å kunne setja i verk målretta tiltak. I tillegg skal ein

sikra seg god kunnskap om og nyttiggjera seg av bransjeprogramma og ekspertordninga i IA-avtalen. Gruppa vil i tillegg arrangera årleg opplæring i sjukefråværsrutinar og eigen helsedag der fokuset er på førebyggjing av sjukefråvær, arbeidsmiljø og arbeidsglede

- Attraktiv arbeidsgjevar: Ulvik herad arbeider aktivt med medarbeidarundersøkjinga og organisasjonsutviklingsverktøyet 10-faktor. Dette gjev oss god kunnskap om kva fokus- og arbeidsområde me skal ha i dei ulike einingane for å gjera drifta mest mogleg effektiv, sikra godt arbeidsmiljø og førebyggja sjukefråvær
- Flyt og rasjonalisering: Den kommunale tenesteproduksjonen er i stadig endring med meir og meir digitalisering av tenester og ein aukande bruk av KI. Dette bør gjera den kommunale tenesteproduksjonen meir straumlinjeforma, gje meir flyt og forhåpenlegvis ein effektiviseringsgevinst.
- Samordning og malar: Om KS i større grad utformar malar til planar og retningslinjer innan ulike fagfelt, vil det gje ein enorm gevinst for kommunenorge. Det er stort sett krav om dei same planane innafor det same lovverket, uavhengig om det er små- eller store kommunar det gjeld.
- Attraktiv arbeidsgjevar: Heradet har fleksitid for kontortilsette og ordning med delvis heimekontor, dette er med å auka attraktiviteten som arbeidsgjevar.
- Ulvik herad har innført eit kommunalt lønstilskot for arbeidskvalifisering av personar i utanforskap. Modellen baserer seg på at partane Nav Ulvik, arbeidsgjevar og arbeidskandidatar går inn i ei ordning som gjev kandidaten arbeidstrening og lønstilskot, som varer frå 3 mnd til 2 år.

Om heradet i større grad skal kjøpa/selja spesialkompetanse bør Staten laga føringar for kostnad på tenestesa/ kjøp slik at den reflekterer reell kostnad, basert på forbruk eller tal innbyggjarar, og ikkje at tenesteytar har stor fortjeneste på salet.

3. Kva må me prioritera i vår kommune/ fylkeskommune for å styrka beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

I vårt herad må sikra at me har eit godt grunnlag for beredskap på plass, dette inneber å ha:

- Oppdatert Planverk: Heilskapleg ROS, Beredskapsplan, Ressursliste
- Funksjonelt digitalt beredskapssystem: Dmaze
- Aktiv deltaking i Regional beredskapsforum ilag med nsbokommunane
- Opplæring og aktiv bruk av krisekommunikasjonsverktøyet Rayvn
- Auka fokus på den digitale tryggleiken
- Etablera og involvera eit lokalt Beredskapsråd der frivillige lag, infrastrukturleverandørar og næringsliv deltek
- Ha årleg opplæring i kommunal kriseleiing for faste medlemar og varamedlemar
- Planleggja for tilstrekkeleg varapersonell om det skulle vera ei langvarig hending, laga organisering for rullering av personell

- Delta på regional fagsamlingar og øvingar som me vert invitert til, oftast i regi av Statsforvaltar og nabokommunar
- Kartleggja og etablera oppmøteplassar ved bortfall av Ekom og digital infrastruktur
- Nye kommunikasjonsverktøy: Nødnett-terminalar, i tillegg til satellitt-telefonar, ha jamleg øving.
- Inngå formelle avtaler med lokale samarbeidspartnarar innan beredskap, f eks EPS-senter, utstyrsleverandørar, o.l.
- Einingane i kommunen må ha gode system, planar og kunnskap for beredskap innafor sine ansvarsområde, Stab: IT, informasjon og kommunikasjon, overordna planverk, digitale system, kommunikasjonsverktøy ved kriser, Oppvekst: Eigne beredskapsplanar for skule og barnehage, Helse og Velferd: Legemiddel- og smittevernlager, psykososialt team, EPS-senter, Samfunn & Plan: VA, lager av vatn, nødstrømsaggregat, tiltak på områder som er utsatt for naturskade, m.m.

I Ulvik er det forholdsvis høg eigenberedskap blant innbyggjarane då folk er vant til å forhalda seg til og handtera vør og naturhendingar.

I tillegg er Ulvik ein liten kommune med kompakt busetjing der KKL har god oversikt over ressursar og ressurspersonar.

Det har vore og er eit auka fokus på beredskapsfeltet i desse dagar. 2026 er «Totalforsvarsåret» der det er planlagt mange aktivitetar i regi av mange aktørar, og dei fleste av desse aktivitetane involverer kommunane.

I NOU 2023:17 «Nå er det alvor» er det **ei klar anbefaling**: « *Kommisjonen anbefaler derfor en styrking av kommunenes rammebetingelse gjennom friske midler. Midlene skal sørge for at alle kommuner har tilgang til en beredskapskoordinator i minimum 50 prosent stilling.* »

Denne anbefalinga er dessverre ikkje fulgt opp i løyvingar frå Staten.

Andre aktørar som skal ha auka arbeid og innsats innan dette feltet framover, eksempelvis Statsforvaltar, Forsvar, Politiet, m. fl., har fått auka ressursar til å gjennomføra dette viktige arbeidet, men Staten har ikkje auka ressursane til kommunane. Dette er viktig om me skal få ei vellukka organisering av ei auka satsing.

Vidare i Totalforsvarsmeldingen er det påpeika at kommunen har eit særskild ansvar for å involvera frivillige lag og organisasjonar i større grad, og auke aktiviteten i beredskapsrådet, i tillegg skal det utarbeidast diverse statlege rettleiarar, system, etc som kommunane aktivt skal nytta, Alt dette krev AUKA ressursar. Kommunane kan ikkje fortsetja å ta på seg nye oppgåver, delta i auka satsingar, etterkoma auka krav utan at det fylgjer midlar med. Det er viktig at KS formidlar dette til sentrale styresmakter.

Beredskap er eit av fagområda Ulvik jobbar med, og det er vanskeleg å vera best i klassen på dette feltet, men me har som mål å vera godt førebudde på ei eventuell krise.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 008/26 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:****1. Kva må me prioritera i vår kommune/ fylkeskommune for å styrka beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?**

I vårt herad må sikra at me har eit godt grunnlag for beredskap på plass, dette inneber å ha:

- Oppdatert Planverk: Heilskapleg ROS, Beredskapsplan, Ressursliste
- Funksjonelt digitalt beredskapssystem: Dmaze
- Aktiv deltaking i Regional beredskapsforum ilag med nabokommunane
- Opplæring og aktiv bruk av krisekommunikasjonsverktøyet Rayvn
- Auka fokus på den digitale tryggleiken
- Etablera og involvera eit lokalt Beredskapsråd der frivillige lag, infrastrukturleverandørar og næringsliv deltek
- Ha årleg opplæring i kommunal kriseleiing for faste medlemar og varamedlemer
- Planleggja for tilstrekkeleg varapersonell om det skulle vera ei langvarig hending, laga organisering for rullering av personell
- Delta på regional fagsamlingar og øvingar som me vert invitert til, oftast i regi av Statsforvaltar og nabokommunar
- Kartleggja og etablera oppmøteplassar ved bortfall av Ekom og digital infrastruktur
- Nye kommunikasjonsverktøy: Nødnett-terminalar, i tillegg til satellitt-telefonar, ha jamleg øving.
- Inngå formelle avtaler med lokale samarbeidspartnarar innan beredskap, f eks EPS-senter, utstyrsleverandørar, o.l.
- Einingane i kommunen må ha gode system, planar og kunnskap for beredskap innafor sine ansvarsområde, Stab: IT, informasjon og kommunikasjon, overordna planverk, digitale system, kommunikasjonsverktøy ved kriser, Oppvekst: Eigne beredskapsplanar for skule og barnehage, Helse og Velferd: Legemiddel- og smittevernlager, psykososialt team, EPS-senter, Samfunn & Plan: VA, lager av vatn, nødstrømsaggregat, tiltak på områder som er utsatt for naturskade, m.m.

I Ulvik er det forholdsvis høg eigenberedskap blant innbyggjarane då folk er vant til å forhalda seg til og handtera vør og naturhendingar.

I tillegg er Ulvik ein liten kommune med kompakt busetjing der KKL har god oversikt over ressursar og ressurspersonar.

Det har vore og er eit auka fokus på beredskapsfeltet i desse dagar. 2026 er «Totalforsvarsåret» der det er planlagt mange aktivitetar i regi av mange aktørar, og dei fleste av desse aktivitetane involverer kommunane.

I NOU 2023:17 «Nå er det alvor» er det **ei klar anbefaling**: « *Kommisjonen anbefaler derfor en styrking av kommunenes rammebetingelse gjennom friske midler. Midlene skal sørge for at alle kommuner har tilgang til en beredskapskoordinator i minimum 50 prosent stilling.*»

Denne anbefalinga er dessverre ikkje fulgt opp i løyvingar frå Staten.

Andre aktørar som skal ha auka arbeid og innsats innan dette feltet framover, eksempelvis Statsforvaltar, Forsvar, Politiet, m. fl., har fått auka ressursar til å gjennomføra dette viktige arbeidet, men Staten har ikkje auka ressursane til kommunane. Dette er viktig om me skal få ei vellukka organisering av ei auka satsing.

Vidare i Totalforsvarsmeldingen er det påpeika at kommunen har eit særskild ansvar for å involvera frivillige lag og organisasjonar i større grad, og auke aktiviteten i beredskapsrådet, i tillegg skal det utarbeidast diverse statlege rettleiarar, system, etc som kommunane aktivt skal nytta, Alt dette krev AUKA ressursar. Kommunane kan ikkje fortsetja å ta på seg nye oppgåver, delta i auka satsingar, etterkoma auka krav utan at det fylgjer midlar med. Det er viktig at KS formidlar dette til sentrale styresmakter.

Beredskap er eit av fagområda Ulvik jobbar med, og det er vanskeleg å vera best i klassen på dette feltet, men me har som mål å vera godt førebudde på ei eventuell krise.

2. Kva må me gjera i vår kommune dei neste to åra for å auka endringstakten for berekraftig velferd?

- Me deltek allereie i TØRN-prosjektet med fokus på: Heilårsturnus, langvakter, oppgåveløysing med rett kompetanse, m.m.
- Ha fokus på teknologi og velferdsteknologi som kan gje:
 - meir effektive tenester
 - betre samarbeid mellom tilsette og med pårørande og brukarar
- Identifisera og realisera småkommunefordelar: Gjera tenestene mindre komplekse der det er mogleg.
- Samarbeida med nabokommunar/regionen om stillingar med spesialkompetanse der me ikkje har rom for å tilsetja i heile stillingar. Dette kan innebera både tenestosal og tenestekjøp.
- Byggja endringsvilje i organisasjon gjennom målretta partssamarbeid.
- Staten må løyva utviklingsmidlar som er friare, dvs at kommunen kan søkja midlar til å utvikla tenester og tilbod som er tilpassa dei lokale behova og forholda. I dag opplever me at tilskotsordningane er tilpassa store kommunar.
- Ulvik herad har som mål å oppretta ein Frivilligsentral i løpet av 2026. Det er behov for å involvera frivilligheten i aktivitetar som heradet ikkje lenger har ressursar til å gjennomføra.

- Førebyggjing er eit stikkord for å redusera omfanget av hjelpebehov framover, dette gjeld innbyggjarar i alle aldrar. Viktig at ikkje førebyggjande innsats vert fjerna i tider med stram kommuneøkonomi.
- Sentralisera bustader for innbyggjarar som har hjelpebehov.

Men det er viktig at KS stiller spørsmålet: Kor mykje meir kan kommunenorge auka endringstakten med stadig fleire oppgåver og krav, og økonomiske rammer som ikkje speglar dette?

Strukturen på byråkratiet bør setjast under lupa. Ein kan ikkje berre sjå på kommunestrukturen og tvinga fram nye kommunesamanslåingar, ein bør sjå på det statlege byråkratiet og moglegheita for å redusera dette betydeleg. Kommunane må få meir fridom til å levera kommunale tenester etter lokale forsetningar og forhold. Detaljstyring og uttallige tilsyn, binder opp mykje ressursar i kommunane, og er ein brems på auka berekraftig velferd, og nødvendige omstillingar i offentleg tenester.

3. Korleis kan me i vår kommune/ fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Medverknad: Ulvik herad har fleire samarbeidsarenaer for arbeidsgjevarrepresentantar, tillitsvalde og vernetenesta. Me har eit veldig aktivt overordna AMU der det er gode drøftingar, med gode faglege innspel og tiltak. Me oppretta ein desentralisert AMU-modell, der alle einingar har lokale AMU der ein tek opp saker som gjeld organisasjon, arbeidsmiljø og utvikling.
- Medverknad: Me har satt ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal jobba med førebyggjing av sjukefråvær. Gruppa skal tileigna seg meir detaljert kunnskap om sjukefråværet i organisasjonen for å kunne setja i verk målretta tiltak. I tillegg skal ein sikra seg god kunnskap om og nyttiggjera seg av bransjeprogramma og ekspertordninga i IA-avtalen. Gruppa vil i tillegg arrangera årleg opplæring i sjukefråværsrutinar og eigen helsedag der fokuset er på førebyggjing av sjukefråvær, arbeidsmiljø og arbeidsglede
- Attraktiv arbeidsgjevar: Ulvik herad arbeider aktivt med medarbeidarundersøkjinga og organisasjonsutviklingsverktøyet 10-faktor. Dette gjev oss god kunnskap om kva fokus- og arbeidsområde me skal ha i dei ulike einingane for å gjera drifta mest mogleg effektiv, sikra godt arbeidsmiljø og førebyggja sjukefråvær
- Flyt og rasjonalisering: Den kommunale tenesteproduksjonen er i stadig endring med meir og meir digitalisering av tenester og ein aukande bruk av KI. Dette bør gjera den kommunale tenesteproduksjonen meir straumlinjeforma, gje meir flyt og forhåpenlegvis ein effektiviseringsgevinst.
- Samordning og malar: Om KS i større grad utformar malar til planar og retningslinjer innan ulike fagfelt, vil det gje ein enorm gevinst for kommunenorge. Det er stort sett krav om dei same planane innafor det same lovverket, uavhengig om det er små- eller store kommunar det gjeld.
- Attraktiv arbeidsgjevar: Heradet har fleksitid for kontortilsette og ordning med delvis heimekontor, dette er med å auka attraktiviteten som arbeidsgjevar.

- Ulvik herad har innført eit kommunalt lønstilskot for arbeidskvalifisering av personar i utanforskap. Modellen baserer seg på at partane Nav Ulvik, arbeidsgjevar og arbeidskandidatar går inn i ei ordning som gjev kandidaten arbeidstrening og lønstilskot, som varer frå 3 mnd til 2 år.

Om heradet i større grad skal kjøpa/selja spesialkompetanse bør Staten laga føringar for kostnad på tenestosal/ kjøp slik at den reflekterer reell kostnad, basert på forbruk eller tal innbyggjarar, og ikkje at tenesteytar har stor fortjeneste på salet.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 010/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

1. Kva må me gjera i vår kommune dei neste to åra for å auka endringstakten for berekraftig velferd?

- Me deltek allereie i TØRN-prosjektet med fokus på: Heilårsturnus, langvakter, oppgåveløysing med rett kompetanse, m.m.
- Ha fokus på teknologi og velferdsteknologi som kan gje:
 - meir effektive tenester
 - betre samarbeid mellom tilsette og med pårørande og brukarar
- Identifisera og realisera småkommunefordelar: Gjera tenestene mindre komplekse der det er mogleg.
- Samarbeida med nabokommunar/regionen om stillingar med spesialkompetanse der me ikkje har rom for å tilsetja i heile stillingar. Dette kan innebera både tenestosal og tenestekjøp.
- Byggja endringsvilje i organisasjon gjennom målretta partssamarbeid.
- Staten må løyva utviklingsmidlar som er friare, dvs at kommunen kan søkja midlar til å utvikla tenester og tilbod som er tilpassa dei lokale behova og forholda. I dag opplever me at tilskotsordningane er tilpassa store kommunar.
- Ulvik herad har som mål å oppretta ein Frivilligsentral i løpet av 2026. Det er behov for å involvera frivilligheten i aktiviteter som heradet ikkje lenger har ressursar til å gjennomføra.
- Førebyggjing er eit stikkord for å redusera omfanget av hjelpebehov framover, dette gjeld innbyggjarar i alle aldrar. Viktig at ikkje førebyggjande innsats vert fjerna i tider med stram kommuneøkonomi.
- Sentralisera bustader for innbyggjarar som har hjelpebehov.

Men det er viktig at KS stiller spørsmålet: Kor mykje meir kan kommunenorge auka endringstakten med stadig fleire oppgåver og krav, og økonomiske rammer som ikkje speglar dette?

Strukturen på byråkratiet bør setjast under lupa. Ein kan ikkje berre sjå på kommunestrukturen og tvinga fram nye kommunesamanslåingar, ein bør sjå på det statlege byråkratiet og moglegheita for å redusera dette betydeleg. Kommunane må få meir fridom til å levera kommunale tenester etter lokale forsetningar og forhold. Detaljstyring og uttallige tilsyn, binder opp mykje ressursar i kommunane, og er ein brems på auka berekraftig velferd, og nødvendige omstillingar i offentleg tenester.

2. Korleis kan me i vår kommune/ fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Medverknad: Ulvik herad har fleire samarbeidsarenaer for arbeidsgjevarrepresentantar, tillitsvalde og vernetenesta. Me har eit veldig aktivt overordna AMU der det er gode drøftingar, med gode faglege innspel og tiltak. Me oppretta ein desentralisert AMU-modell, der alle einingar har lokale AMU der ein tek opp saker som gjeld organisasjon, arbeidsmiljø og utvikling.
- Medverknad: Me har satt ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal jobba med førebyggjing av sjukefråvær. Gruppa skal tileigna seg meir detaljert kunnskap om sjukefråværet i organisasjonen for å kunne setja i verk målretta tiltak. I tillegg skal ein sikra seg god kunnskap om og nyttiggjera seg av bransjeprogramma og ekspertordninga i IA-avtalen. Gruppa vil i tillegg arrangera årleg opplæring i sjukefråværsrutinar og eigen helsedag der fokuset er på førebyggjing av sjukefråvær, arbeidsmiljø og arbeidsglede
- Attraktiv arbeidsgjevar: Ulvik herad arbeider aktivt med medarbeidarundersøkjinga og organisasjonsutviklingsverktøyet 10-faktor. Dette gjev oss god kunnskap om kva fokus- og arbeidsområde me skal ha i dei ulike einingane for å gjera drifta mest mogleg effektiv, sikra godt arbeidsmiljø og førebyggja sjukefråvær
- Flyt og rasjonalisering: Den kommunale tenesteproduksjonen er i stadig endring med meir og meir digitalisering av tenester og ein aukande bruk av KI. Dette bør gjera den kommunale tenesteproduksjonen meir straumlinjeforma, gje meir flyt og forhåpenlegvis ein effektiviseringsgevinst.
- Samordning og malar: Om KS i større grad utformar malar til planar og retningslinjer innan ulike fagfelt, vil det gje ein enorm gevinst for kommunenorge. Det er stort sett krav om dei same planane innafor det same lovverket, uavhengig om det er små- eller store kommunar det gjeld.
- Attraktiv arbeidsgjevar: Heradet har fleksitid for kontortilsette og ordning med delvis heimekontor, dette er med å auka attraktiviteten som arbeidsgjevar.
- Ulvik herad har innført eit kommunalt lønstilskot for arbeidskvalifisering av personar i utanforskap. Modellen baserer seg på at partane Nav Ulvik, arbeidsgjevar og arbeidskandidatar går inn i ei ordning som gjev kandidaten arbeidstrening og lønstilskot, som varer frå 3 mnd til 2 år.

Om heradet i større grad skal kjøpa/selja spesialkompetanse bør Staten laga føringar for kostnad på tenestesa/ kjøp slik at den reflekterer reell kostnad, basert på forbruk eller tal innbyggjarar, og ikkje at tenesteytar har stor forteneste på salet.

3. Kva må me prioritera i vår kommune/ fylkeskommune for å styrka beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

I vårt herad må sikra at me har eit godt grunnlag for beredskap på plass, dette inneber å ha:

- Oppdatert Planverk: Heilskapleg ROS, Beredskapsplan, Ressursliste
- Funksjonelt digitalt beredskapssystem: Dmaze
- Aktiv deltaking i Regional beredskapsforum ilag med nabokommunane
- Opplæring og aktiv bruk av krisekommunikasjonsverktøyet Rayvn
- Auka fokus på den digitale tryggleiken
- Etablera og involvera eit lokalt Beredskapsråd der frivillige lag, infrastrukturleverandørar og næringsliv deltek
- Ha årleg opplæring i kommunal kriseleiing for faste medlemar og varamedlemer
- Planleggja for tilstrekkeleg varapersonell om det skulle vera ei langvarig hending, laga organisering for rullering av personell
- Delta på regional fagsamlingar og øvingar som me vert invitert til, oftast i regi av Statsforvaltar og nabokommunar
- Kartleggja og etablera oppmøteplassar ved bortfall av Ekom og digital infrastruktur
- Nye kommunikasjonsverktøy: Nødnett-terminalar, i tillegg til satellitt-telefonar, ha jamleg øving.
- Inngå formelle avtaler med lokale samarbeidspartnarar innan beredskap, f eks EPS-senter, utstyrsleverandørar, o.l.
- Einingane i kommunen må ha gode system, planar og kunnskap for beredskap innafor sine ansvarsområde, Stab: IT, informasjon og kommunikasjon, overordna planverk, digitale system, kommunikasjonsverktøy ved kriser, Oppvekst: Eigne beredskapsplanar for skule og barnehage, Helse og Velferd: Legemiddel- og smittevernlagar, psykososialt team, EPS-senter, Samfunn & Plan: VA, lager av vatn, nødstrømsaggregat, tiltak på områder som er utsatt for naturskade, m.m.

I Ulvik er det forholdsvis høg eigenberedskap blant innbyggjarane då folk er vant til å forhalda seg til og handtera vør og naturhendingar.

I tillegg er Ulvik ein liten kommune med kompakt busetjing der KKL har god oversikt over ressursar og ressurspersonar.

Det har vore og er eit auka fokus på beredskapsfeltet i desse dagar. 2026 er «Totalforsvarsåret» der det er planlagt mange aktivitetar i regi av mange aktørar, og dei fleste av desse aktivitetane involverer kommunane.

I NOU 2023:17 «Nå er det alvor» er det **ei klar anbefaling**: « *Kommisjonen anbefaler derfor en styrking av kommunenes rammebetingelse gjennom friske midler. Midlene skal sørge for at alle kommuner har tilgang til en beredskapskoordinator i minimum 50 prosent stilling.*»

Denne anbefalinga er dessverre ikkje fulgt opp i løyvingar frå Staten.

Andre aktørar som skal ha auka arbeid og innsats innan dette feltet framover, eksempelvis Statsforvaltar, Forsvar, Politiet, m. fl., har fått auka ressursar til å gjennomføra dette viktige arbeidet, men Staten har ikkje auka ressursane til kommunane. Dette er viktig om me skal få ei vellukka organisering av ei auka satsing.

Vidare i Totalforsvarsmeldingen er det påpeika at kommunen har eit særskild ansvar for å involvera frivillige lag og organisasjonar i større grad, og auke aktiviteten i beredskapsrådet, i tillegg skal det utarbeidast diverse statlege rettleiarar, system, etc som kommunane aktivt skal nytta, Alt dette krev AUKA ressursar. Kommunane kan ikkje fortsetja å ta på seg nye oppgåver, delta i auka satsingar, etterkoma auka krav utan at det fylgjer midlar med. Det er viktig at KS formidlar dette til sentrale styresmakter.

Beredskap er eit av fagområda Ulvik jobbar med, og det er vanskeleg å vera best i klassen på dette feltet, men me har som mål å vera godt førebudde på ei eventuell krise.

009/26: Kommuneplanens samfunnsdel 2026-2035

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova §11-15 vedtar Ulvik herad kommuneplanens samfunnsdel for 2026-2035.

11.02.2026 Heradsstyret

Endringsframlegg frå SV:

5.2: Bustad- og sentrumsutvikling

Tilretteleggja for at hus som ikkje er i bruk, vert gjort tilgjengeleg for interesserte.

5.3: Utvikle og dyrke Ulviks særpreg

Endra overskrifta til «Utvikla og dyrka særpreget til Ulvik» (og bruka a-infinitiv i heile planen).

Ta vare på bygningar som ein del av miljøet som vitnar om heradet sin eigenart, kulturarv og identitet.

Jobba saman med regionale aktørar for å verna Hardanger mot lite berekraftig masseturisme.

Posisjonera Ulvik i takt med endringane i arbeidsmarknaden – som ei bygd det fungerer godt å pendla frå og ha fjernarbeid frå.

6.0 Arealstrategiar

Arbeida for å behalda den stadeigne naturen gjennom eit systematisk arbeid med nedkjemping av framande artar.

Samarbeida med hardangerkommunane for å betra miljøtilstanden i Hardangerfjorden, og vera restriktiv til tiltak som kan påverka fjordsystemet negativt.

Gruppemøte: 15 min.

Røysting over SV sitt framlegg mot formannskapet sin tilråding:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 10 røyster (H,AP,SP) for og 7 røyster (V,SV) mot. Framlegg frå SV fall.

Redaksjonell endring i planen: Fjerna punkt om barnehage bygging.

HST - 009/26 VEDTAK:

Vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova §11-15 vedtar Ulvik herad kommuneplanens samfunnsdel for 2026-2035.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 009/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Med heimel i Plan og bygningslova §11-15 vedtar Ulvik herad kommuneplanens samfunnsdel for 2026-2035.

010/26: Sal av kommunalebustadar på Øvre paradis

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek å gje bebuarane som har budd i leilegheitane lenger enn 3 år moglegheit til å kjøpa leilegheitane til takst. Dersom bebuarar ikkje vil/kan kjøpa leilegheitane til takst, vert leilegheitane lagt ut på ope marknad og seld til høgstbydande. Kostnadar knytt til salet vert dekt av salgsinntektene, resten av inntekta går til å dekkja bygging av ny barnehage. Heradsstyret delegerer godkjenning av bod til kommunedirektøren.

Alternativt vedtak:

Heradsstyret vedtek å selja leilegheitane på ope marknad og seld til høgstbydande. Kostnadar knytt til salet vert dekt av salgsinntektene, resten av inntekta går til å dekkja bygging av ny barnehage. Heradsstyret delegerer godkjenning av bod til kommunedirektøren.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 010/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Heradsstyret vedtek å gje bebuarane som har budd i leilegheitane lenger enn 3 år moglegheit til å kjøpa leilegheitane til takst. Dersom bebuarar ikkje vil/kan kjøpa leilegheitane til takst, vert leilegheitane lagt ut på ope marknad og seld til høgstbydande. Kostnadar knytt til salet vert dekt av salgsinntektene, resten av inntekta går til å dekkja bygging av ny barnehage. Heradsstyret delegerer godkjenning av bod til kommunedirektøren.

28.01.2026 Formannskap

Formannskapet fremja alternativ 1:

Heradsstyret vedtek å gje bebuarane som har budd i leilegheitane lenger enn 3 år moglegheit til å kjøpa leilegheitane til takst. Dersom bebuarar ikkje vil/kan kjøpa leilegheitane til takst, vert leilegheitane lagt ut på ope marknad og seld til høgstbydande. Kostnadar knytt til salet vert dekt av salgsinntektene, resten av inntekta går til å dekkja bygging av ny barnehage. Heradsstyret delegerer godkjenning av bod til kommunedirektøren.

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 007/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Heradsstyret vedtek å gje bebuarane som har budd i leilegheitane lenger enn 3 år moglegheit til å kjøpa leilegheitane til takst. Dersom bebuarar ikkje vil/kan kjøpa leilegheitane til takst, vert leilegheitane lagt ut på ope marknad og seld til høgstbydande. Kostnadar knytt til salet vert dekt av salgsinntektene, resten av inntekta går til å dekkja bygging av ny barnehage. Heradsstyret delegerer godkjenning av bod til kommunedirektøren.

011/26: Søknad om løyve til bruk av snøskuter i samband med filming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik herad gjev med heimel i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøytøy i utmark og på islagte vassdrag av 15.5.1988 § 6 PÅ FILM AS v/John Kaare løyve til transport med snøskutar sør av Finse i samband med filminnspeling, på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld naudsynt bruk av inn til 3 snøskutarar for transport av utstyr og mannskap i samband med filmproduksjonen «*Bergenstoget plyndret i natt*» på Finse 1 til 2 dagar i veka før/etter påska 2026.
- Geografisk avgrensing for løyvet går fram av ortofotoet under saksutgreiinga.
- Startdato for opptaket skal noterast i løyvet her før køyringa tek til:

Startdato	Signatur

- Det skal nyttast leigekøyring frå kommunal godkjent ervervsløyvehavar.
- Fast trase/kvista løype skal fylgjast, så langt det er mogeleg; og køyringa skal avgrensast til eit naudsynt minimum.
- Sø karen skal sjølv hente inn løyve ifrå grunneigaren (Statskog v/Ulvik fjellstyre).
- Løyvet skal vere med under køyringa og kunne førevisast oppsynet ved kontroll.
- All motorisert ferdsle i utmark og på islagte vassdrag skal skje med alminneleg varsemd og omtanke for å unngå skade og ulempe for natur, miljø, menneske og kulturminne.
- Er det villrein i området skal køyringa innstillast inntil reinen er trekt ut av området. Løyvehavar må sjekke status for villrein i området med Statens naturoppsyn (SNO) før køyringa tek til. SNO Geilo tlf: 924 07 771.
- Løyvet gjeld ikkje køyring innan Finse biotopvernområde og Hallingskarvet nasjonalpark.

Vedtaket er vurdert i høve til Naturmangfaldlovas §§ 8 – 12. Og det kan påklagast av part i saka eller andre med rettslege klageinteresser jamfør forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage kan stillast til Ulvik herad.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 011/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad gjev med heimel i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag av 15.5.1988 § 6 PÅ FILM AS v/John Kaare Løyve til transport med snøskutar sør av Finse i samband med filminnspeling, på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld naudsynt bruk av inn til 3 snøskutarar for transport av utstyr og mannskap i samband med filmproduksjonen «*Bergenstoget plyndret i natt*» på Finse 1 til 2 dagar i veka før påske eller veka etter påska 2026.
- Geografisk avgrensing for løyvet går fram av ortofotoet under saksutgreiinga.
- Startdato for opptaket skal noterast i løyvet her før køyringa tek til:

Startdato	Signatur

- Det skal nyttast leigekøyning frå kommunal godkjent ervervsløyvehavar.
- Fast trase/kvista løype skal fylgjast, så langt det er mogeleg; og køyringa skal avgrensast til eit naudsynt minimum.
- Søkaren skal sjølv hente inn løyve ifrå grunneigaren (Statskog v/Ulvik fjellstyre).
- Løyvet skal vere med under køyringa og kunne førevisast oppsynet ved kontroll.
- All motorisert ferdslе i utmark og på islagte vassdrag skal skje med alminneleg varsemd og omtanke for å unngå skade og ulempe for natur, miljø, menneske og kulturminne.
- Er det villrein i området skal køyringa innstillast inntil reinen er trekt ut av området. Løyvehavar må sjekke status for villrein i området med Statens naturoppsyn (SNO) før køyringa tek til. SNO Geilo tlf: 924 07 771.
- Løyvet gjeld ikkje køyring innan Finse biotopvernområde og Hallingskarvet nasjonalpark.

Vedtaket er vurdert i høve til Naturmangfaldlovas §§ 8 – 12. Og det kan påklagast av part i saka eller andre med rettslege klageinteresser jamfør forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage kan stillast til Ulvik herad.

012/26: Prisregulering for kommunale framleigebustader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik HST vedtek administrasjonen sitt framlegg til prisregulering av kommunale utleigebustader. Satsane skal indeksregulerast årleg.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 012/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik HST vedtek administrasjonen sitt framlegg til prisregulering av kommunale utleigebustader. Satsane skal indeksregulerast årleg.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 012/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Ulvik HST vedtek administrasjonen sitt framlegg til prisregulering av kommunale utleigebustader. Satsane skal indeksregulerast årleg.

013/26: Tenesteavtale 12 - felles utvikling og planlegging av tenestene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret i Ulvik godkjenner tenesteavtale 12 slik den ligg føre.

11.02.2026 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 013/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Heradsstyret i Ulvik godkjenner tenesteavtale 12 slik den ligg føre.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 013/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Heradsstyret i Ulvik godkjenner tenesteavtale 12 slik den ligg føre.

04.12.2025 Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Samrøystes uttale.

FEF - 014/25 VEDTAK:

Uttale frå fellesrådet:

Rådet stetta framlegg frå kommunedirektøren.

Heradsstyret i Ulvik godkjenner tenesteavtale 12 slik den ligg føre.

014/26: Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

Framlegg til vedtak:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

11.02.2026 Heradsstyret

HST - 014/26 VEDTAK:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.